

Frå Per Nordmark, Bogavegen 165, 5725 Vaksdal

Min bakgrunn er å ha bustadeigedom og vera busett på Boge, med beiterett, skogteig og hytte på Blåfjellet ved Krosstjønnane. Eg er, og har frå 1960-talet vore flittig brukar av fjellområdet.

Planstatus

Eg har slike merknader til Søknaden.

Det er oppgitt i søknaden at området ikkje er definert som LNF. Det er direkte feil; i kommuneplan for Vaksdal kommune, arealdelen, er heile nedslagsfeltet og området for kraftstasjon definert som LNF!

Krosstjønnane

Krosstjønnane er bygd ut med dammar og regulering som grunnlag for Boge Mølle. Det var ikkje overføring til Vaksdalsvassdraget, alt vatnet gjekk til Boge.

Vaksdal mølle etablerte ein kanal frå Krosstjønnane til Svartavatn etter at Boge Mølle var brent ned og kraftverket vi mølla var ute av drift. Etter min kunnskap vart denne kanalen bygd utan godkjenning av NVE, og den vart seinare stengt.

I søknaden frå Boge kraft er det oppgitt at Krosstjønnane skal regulerast som i dag med 1 m, men med utløp til Svartavatn. Slik eg kjenner vatnet er det ikkje mogeleg å regulera ned den vestre delen av vatnet med ein meter med utlaup mot aust, då det er ein grunn terskel mellom austre og vestre del av vatnet. Dette er ikkje omtalt i søknaden.

Nedslagsfeltet til Svartavatnet dominerer i grunnlaget for Boge 3. Området Krosstjønnane er eit særleg naturskjønt område med eit mangfald av små og grunne pollar og sund. Reguleringa som er godkjent og vert praktisert i dag med grunnlag i Boge 1 og Boge 2, gjev om sommaren store negative verknader på landskapet og naturopplevingar her. Dersom det vert gjeve løyve til utbygging av Boge 3 må det setjast som vilkår at landskapsverknadane vert redusert for Krosstjønnane. Det må ikkje gjevast løyve til å tappa ned vestre del av vatnet meir enn det som følgjer av kravet om minstevassføring i Fossadalselva. Det må heller ikkje gjevast løyve til å etablere kanal mellom austre og vestre del av Krosstjønnane.

Minstevassføring

Det må vera minstevassføring i Fossadalselva frå Krosstjønnane til Bogavatn. Denne elva er eit viktig trekk i landskapsbiletet. Den er sentral i turområdet frå Bogavatnet og vidare oppover mot Blåfjellet og vidare innover. Minstevassføringa må ikkje reduserast frå det som er i dag!

Dammar

Dei handmurte dammane av lokal naturstein og torv er viktige verdifulle kulturminne. Dei er og viktige landskapselement av høg kvalitet. Det er viktig at desse vert teke vare på , og at framtidig vedlikehald vert gjort på ein slik måte at ein opprettheld kvaliteten på desse kulturminna. Det må nyttast same materialar i fasadar og overflater for dammar som det som er situasjonen i dag.

Støy

Småkraftverk lagar støy! Ved etablering av Boge 2 erfarte vi på Boge at kraftstasjonen på Boge 2 lagar betydeleg støy. Fjellområda rundt Bogavatnet og vidare oppover til Blåfjellet og innover mot Storafjellet og Kvitingen i Samnanger er eit viktig utfartsområde med høg kvalitet som rekreasjonsområde. Her er ikkje støy, anna enn frå overflygingar.

Landskapsrommet rundt Bogavatnet er eit sær sars fredeleg og avskjerma område. Etablering av eit kraftverk her med støy, t.d. som frå Boge 2 vil vera ein sær sars stor ulempe, og forringa kvaliteten av dette området vesentleg som rekreasjonsområde. Bogeavatnet er inneslutta av bratte fjellsider, som i dag skaper stilla. Ved støy vil dette verka motsett ved at støy vert reflektert. Dette talar sterkt imot etablering av ein kraftstasjon her.

Dersom det vert bygd ein kraftstasjon her for Boge 3 må det setjast sær sars strenge krav til støyskjerming – vesentleg meir enn t.d. til Boge 2!

Veg og kablar

Framføring av veg og kraftkablar m.m.: Desse tema er i søknaden berre omtalt verbalt, og utan å vera synlege i kart og ved illustrasjonar. Det må vera eit absolutt krav at alle slike vert presentert tydelegar, og at grunneigarar må involverast og informerast om traseval, utforming og konsekvensar. Ved utbygging av Boge 2 vart anlegget bygd utan at grunneigarar og andre interessentar var tilstrekkeleg involvert. Dette skapte mindre gode løysingar og myke misnøye og frustrasjon med utbygginga.

Ved utbygging av Boge 1 og Boge 2 skapte forureining av drikkevatnet store problem for befolkninga og bedriftene på Vaksdal. Ein detaljert plan for ein eventuell veg frå dammen på Bogavatnet til kraftstasjon for Boge 3 må beskrivast i detalj når det gjeld trase, profil, terrenginngrep og tiltak for å forhindra negative verknader for drikkevatnet.

Dispensasjonar

I søknaden går det fram at det skal kjerneborast eit hol på 380 mm. Frå Boge 2 er det erfaring for at ein har endra tiltaket under vegs. Ved søknad om Boge 2 skulle det kjerneborast frå om lag kote 300 og opp til botnen av Bogeavatn. Det skulle ikkje gjerast terrenginngrep ovanfor dette punktet. Dette var medverkande til at anlegget vart godkjent. Under anleggsfasen vart det søkt om, - og NVE gav dispensasjon, til å byggja veg og leggja røyr i vegen heilt opp til Bogavatnet på kote 474. Dette førte til eit vesentleg større naturinngrep enn i opprinneleg søknad. Dersom kjerneboring ikkje er aktuelt for Boge 3 må det ikkje akseptast andre løysingar som gjev større inngrep og ulemper. Det bør generelt ikkje dispenserast frå godkjent prosjekt.

Oppsummering

Det bør ikkje gjevast løyve til bygging av Boge 3 av omsyn til konsekvensar for området som lokalt og regionalt natur-, friluftslivs- og rekreasjonsområde.

Utnytting av vassressursane frå nedslagsfeltet ved Krosstjønnane og Svartavatnet er alt i dag stor; ved Boge 1 og Boge 2 og Ardalen og Vaksdal kraftverk. Fjellområda her har stor verdi som friluftslivs- og rekreasjonsområde, både lokalt og regionalt, og dei omsøkte tiltaka er vesentleg negative verknader. Det bør difor ikkje gjevast løyve til vidare utbygging og utnytting.

Etablerting av nytt kraftverk ved Bogavatnet vil vera til stor ulempe for dette landskapsrommet, særleg med tanke på støy, men og ved bygging av veg- og kraftkabeltrasear.

Dersom søknaden vert godkjent må det leggjast vekt på å minisera landskapseffektane på Blåfjellet (ved Krosstjønnane og Svartavatnet) ved at det vert sett krav om at vestre del av Krosstjønnane vert mindre regulert enn i dag. Vidare må det ikkje gjevast løyve til at minstevassføringa frå Krosstjønnane til Bogavatnet vert redusert frå det som er situasjonen i dag.

Dei eksisterande dammane på vatna er verdifulle kulturminne og viktige landskapselement. Det må sikrast at desse vert tatt vare på og at framtidig vedlikehald vert gjort tilfredsstillande og på ein måte, og med materialar som sikrar desse kulturminna i framtida.

Dersom søknaden vert godkjent må det setjast strenge krav til støyutslepp frå kraftstasjonen ved Bogavatnet. Det må ikkje vera høyrbar støy frå kraftstasjonen når ein oppheld seg ved Bogavatnet.

Dersom søknaden vert godkjent må det vera tydelege og avklarte krav til trase og utforming av veg og kabeltrasear. Anleggsarbeida må planleggjast og utførast slik at det ikkje har innverknad på drikkevatnet til Vaksdal.



Bilde frå Blåfjellet, like nedom orfallet frå Krosstjønnane. Elva frå Krosstjønnane mot Bogavatnet.

Krosstjønnane, vestvatnet med dam lengst mot sør



Orfallet frå Krosstjønnane. Her er idag krav om minstevassføring



Krosstjønnane, vestvatnet sett frå nord.



Svartavatnet sett mot nord-aust

Svartavatnet; orfallet og dam i nord-vest

